



info

november 2016

## ÅRSOPPGJER 2016

FRISTAR

**DATO**

**EMNE**

30. november

Levering av timelister for november.

### 10. desember **Send oss alle timelister**

Rapportering, A-melding

**All løn som skal utgiftførast 2016 må utbetalast i 2016**

20. desember

Utbetaling av løn

29. desember

Avstemming av løn

08. januar 2017

Årsoppgåve og faktura til alle medlemmer

20. januar 2017

### SØKNAD

**Du søker om produksjonstillegg og avløysartilskot (Altinn) eller papir innan 20.1.2017. Alle med husdyr den**

**1.1.2016 har rett til avløysartilskot > kr 5 000**

”Fakturert ” frå kontoutdrag 2016 skal inn i kolonne, ”kjøpt avløysartenester frå Landbrukstenester Sogn” organisasjonsnummer 971 364 041, på søknadsskjema. Blir utbetalt i juni 2017 samla til bankkontoen din.

**Nytt websystem: Avløysaren kan gå direkte i kalender i websystemet og skrive inn timane sine. Både gardbrukar og avløysar går inn i portalen via heimesida vår <http://www.landbrukstenester-sogn.no/> Etter at avløysar har sendt timane sine må bonden godkjenne timelista pr e-post. Me har mange medlemmer som allereie er i gang med det nye tilbodet ☺☺ Ta kontakt med oss. E-post og me sender link. Me tek også imot vanlege papirlister. Også scanna timelister. Nye avløysarar må sende oss kontaktinformasjon frå websida vår (namn, f.nr, bankkonto m.m.)**

### Nytt fakturasystem, epost

Faktura blir tilsendt ved kvar utlønning. Skuldig laget/til gode kjem fram på eiga linje.

Sjå vedlagt kontoutdrag (nytt):

Dersom de dividerer rest tilskot med 1,3387 finn de brutto løn til avløysar. Er avløysaren over 59 år dividerer de med 1,3642. Feriepengar vert avsett og utbetalt til neste år. Gode forsikringar.

Du finn timelister, HMS-system og oppdragsavtale på [www.landbrukstenester-sogn.no](http://www.landbrukstenester-sogn.no)

side 1

# Landbrukstenester Sogn



**SMITTEVERN ETTER BESØK I UTLANDET – gode rutinar i fjøset etter besøk i utlandet.** Koorimp har utarbeida "Smittesikker", som er opplæringsmaterieil i smittevern for utanlandske tilsette i norsk husdyrproduksjon. Materiellet finst i norsk versjon og er oversett til engelsk, russisk, polsk, estisk, latvisk og litauisk.

<http://www.animalia.no/Dyrevelferd-og-dyrehelse/KOORIMP/Aktuelt-og-fagstoff/Er-dine-ansatte-smittesikre/>



## NYTT 2017:

### Teljedato og søknadsfristar (obs: 20.1.17 er søknadsfrist for i år. Sjå side 1)

Det er to søknadsfristar og ein utbetaling i det nye produksjonstilskottsystemet.

I 2017 blir søknadsfristane 15. mai, med teljedato 1. mai, og 15. oktober, med teljedato 1. oktober. Utbetaling skjer i februar året etter søknadsfristane. Dette betyr for eksempel at utgifter du har hatt til avløyning til ferie og fritid i 2017 blir refundert allereie i februar 2018. Les meir: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/nytt-system-for-soknad-om-produksjonstilskudd-fra-2017>

## LANDBRUKSVIKARANE

Bestilling direkte til kontoret. **Alle gardbrukarane i Indre Sogn kan få arbeidshjelp ved sjukdom m.v.** Landbruksvikarane kan også tingast til ferie og fritid.

Dorian Rusu: Sogndal og Leikanger

Tage Nondal: Luster

Inger Johanne Yttri: Luster og Sogndal

Mantas Martusevicius: Lærdal, Årdal, og Aurland

Julie Bøtun (deltid): Vik og Balestrand

Jan Ove Fuglestad (deltid): Luster



**AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM, FØDSEL M.V.** «Sjuktmeld eller går til behandling, mottak av foreldrepengar eller svangerskapspengar, omsorgspermisjon ved fødsel eller adopsjon, legekonsultasjon/behandling av barn, kronisk/langvarig sjukdom eller funksjonsnedsetjing hos barn, jordbrukaren har døydd»

Tilskott max kr 1 500 pr. dag (auke til kr 1 530 i 2017). Ta kontakt med oss og les meir på websida vår. Kontoret er ope måndag - fredag og me svarar på spørsmål etter kvart.

(Styremøte 30.11. og personalmøte 12.12.)

**VAKTTELEFON** ved akutt sjukdom etter kontortid og helg: Aud, tlf.: 917 76626

Med helsing Landbrukstenester Sogn, Solveig Sperle og Aud Fossøy